

ÅRIM

Langelandsvegen 1
6010 ÅLESUND



27. oktober 2017

PROTOKOLL FRÅ MØTE I REPRESENTANTSKAPET

Tid: Fredag 27. oktober 2017 kl. 0930 - 1200

Stad: ÅRIM sine lokale, Langelandsvegen 1, 6010 ÅLESUND

Til stades:

Tore Johan Øvstebø	Leiar, Ålesund kommune
Eva Hove	Nestleiar, Stordal kommune
Olav Sindre Roald	Giske kommune
Vebjørn Krogsæter	Haram kommune
Dag Olav Tennfjord	Skodje kommune
Frank Sve	Stranda kommune
Jim Arve Røssevoll	Sula kommune
Geir Inge Lien	Vestnes kommune
Knut Helge Harstad	Ørskog kommune
Anita Hjelvik Sætremyr	Ålesund kommune
Børge Wiig	Ålesund kommune
Jarle Hauge Steffenssen	Ålesund kommune
Per Magnus Berdal	Vara for Arne Sandnes, Norddal kommune
Stein Kvalø	Vara for Anne Kristin Bryne, Ålesund kommune
Åse Kristin Ask Bakke	Vara for Oddvar Myklebust, Sandøy kommune

I tillegg møtte:

Reidar Andresen	Styreleiar
Øystein Peder Solevåg	Dagleg leiar

- ÅLESUNDREGIONEN INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP IKS
- Langelandsvegen 1 - 6010 ÅLESUND - tlf 70 31 41 00
- www.arim.no - org nr 994 717 286

Saker som blei behandla

Sak 1: Godkjenning av innkalling

STYRET SITT FORSLAG TIL VEDTAK

- 1) Representantskapet godkjenner innkallinga.
- 2) Representantskapet vel xxx og xxx til å skrive under protokollen saman med leiar i representantskapet.

BEHANDLING I MØTET

Tore Johan Øvstebø sette fram forslag om at Åse Kristin Ask Bakke og Jim Arve Røssevoll skulle signere protokollen saman med leiar i representantskapet.

SAMRØYSTES VEDTAK

- 1) Representantskapet godkjenner innkallinga.
- 2) Representantskapet vel Åse Kristin Ask Bakke og Jim Arve Røssevoll til å skrive under protokollen saman med leiar i representantskapet.

Sak 2: Godkjenning av protokoll frå møte i representantskapet 25. april 2017

SAMRØYSTES VEDTAK I TRÅD MED INNSTILLINGA:

Protokollen blir godkjend.

Sak 3: Orientering om arbeidet i selskapet

SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringa blir teke til vitande.

Sak 4: Budsjett og økonomiplan 2018 – 2021

STYRET SITT FORSLAG TIL VEDTAK

1. Representantskapet godkjenner budsjett og økonomiplan 2018 - 2021.
2. Representantskapet godkjenner samla investeringar i samsvar med budsjett og økonomiplan og samtykker i at investeringar i 2017 og 2018 blir finansierte med eit samla låneopptak på 33,35 MNOK.

BEHANDLING I MØTET

Per Magnus Berdal, Frank Sve og Geir Inge Lien sette fram følgjande endringsforslag:

1. Representantskapet i ÅRIM sender budsjett og økonomiplan 2018-2021 tilbake til styret.
2. Nytt forslag til representantskapet skal innhalde reviderte kostnader angående innsamling av matavfall. Jfr. avtale mellom Tafjord kraft, Ålesund kommune og Norddal kommune.
3. ÅRIM vert beden om å ta kontakt med Tafjord Kraft for dialog om fornuftige løysingar på avfallshandtering i regionen.

Tore Johan Øvstebø sette fram følgjande endringsforslag:

1. Representantskapet godkjenner budsjett for 2018.
2. Representantskapet ber om å få økonomiplan for 2019 – 2021 til behandling på årsmøtet 2018.
3. Representantskapet godkjenner samla investeringar i samsvar med budsjett og samtykker i at investeringar i 2017 og 2018 blir finansierte med eit samla låneopptak på 33,35 MNOK.

Ved votering fekk styret sitt forslag til vedtak ingen stemmer.

Deretter sette representantskapet forslaget frå Øvstebø opp mot forslaget til Berdal. Øvstebø sitt forslag blei vedteke med 12 mot 3 stemmer.

VEDTAK

1. Representantskapet godkjenner budsjett for 2018.
2. Representantskapet ber om å få økonomiplan for 2019 – 2021 til behandling på årsmøtet 2018.
3. Representantskapet godkjenner samla investeringar i samsvar med budsjett og samtykker i at investeringar i 2017 og 2018 blir finansierte med eit samla låneopptak på 33,35 MNOK.

Sak 5: Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært møte i representantskapet 21. september 2017

SAMRØYSTES VEDTAK I TRÅD MED INNSTILLINGA:

Protokollen blir godkjend.

Sak 6: Ny renovasjonskontrakt 2019 – 2027

Saken blei trekt.

Sak 7: Utbyttepolitikk for ÅRIM

STYRET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

- 1) ÅRIM skal ha ein forsvarleg kapitalbase og likviditet. Når det er forsvarleg skal ÅRIM utbetale utbytte.
- 2) Utbytte som skal betalast ut er basert på resultat etter skatt for næringsverksemda i ÅRIM.
- 3) Fordeling av utbytte skjer etter eigardel.
- 4) Når det er mogleg å utbetale utbytte skal følgjande modell nyttast:
Med oppstart i 2018 (for rekneskapsåret 2017) skal det betalast ut følgjande utbytte av utbyttegrunnlaget: 0 – 30 % av utbyttegrunnlaget år 1 – 10 og 0 – 50 % av utbyttegrunnlaget vidare fram i tid.

BEHANDLING I MØTET

Tore Johan Øvstebø sette fram forslag om nytt punkt 4:

Når det er mogleg å utbetale utbytte skal følgjande modell nyttast:
Med oppstart i 2018 (for rekneskapsåret 2017) skal det betalast ut følgjande utbytte av utbyttegrunnlaget: 0 – 50 % av utbyttegrunnlaget.

Øvstebø sitt endringsforslag blei samrøystes vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK:

- 1) ÅRIM skal ha ein forsvarleg kapitalbase og likviditet. Når det er forsvarleg skal ÅRIM utbetale utbytte.
- 2) Utbytte som skal betalast ut er basert på resultat etter skatt for næringsverksemda i ÅRIM.
- 3) Fordeling av utbytte skjer etter eigardel.
- 4) Når det er mogleg å utbetale utbytte skal følgjande modell nyttast: Med oppstart i 2018 (for rekneskapsåret 2017) skal det betalast ut følgjande utbytte av utbyttegrunnlaget: 0 – 50 % av utbyttegrunnlaget.

Sak 8: Kommunereformen: Konsekvensar for ÅRIM

SAMRØYSTES VEDTAK I TRÅD MED INNSTILLINGA:

Representantskapet gir si tilslutning til at styret greiar ut endringar i selskapsavtalen til ÅRIM.

Sak 9: Eventuelt

Ingen saker.

Ålesund, 27. oktober 2017

Åse Kristin Ask Bakke

Jim Arve Røssevoll

Tore Johan Øvstebo